

# Myrkdalen—ein ny reiselivsdestinasjon?

## Planprosessen så langt

Her finn du info:

På nettsida [www.myrkdalen.org](http://www.myrkdalen.org) vil det bli lagt ut informasjon om prosessen etterkvart.

Dersom du ynskjer å koma med innspel eller tips til planarbeidet, så ta gjerne kontakt med Nils Akselberg:

E-post:

[nils@vossfjellandsby.no](mailto:nils@vossfjellandsby.no)

Telefon:

56531033

Styringsgruppa som jobbar med utviklingsplanen for Myrkdalen har no hatt sju møter. Grunnlaget frå synfaringa med Paul Mathews frå Eco Sign har resultert i eit tilbod på utviklinga av ein alpinplan for Myrkdalen som ledd i prosessen med ein utviklingsplan.

Tilbodet er til vurdering hjå styringsgruppa. Voss Fjellandsby har sagt seg villig til å forskottera dei rundt 650.000 som planen kostar.

Parallelt går prosessen med vidare framdrift i utviklingsplanen, der kanskje grunneigarrorganiseringa er det som vert vektlagt mest. Det er von om at forslag til grunneigaravtalar kan vera på plass relativt raskt,

slik at ein kan koma i gang med sentrale drøftingar rundt vidare framdrift.

Måndag 15.januar vert det seminar for reiselivet på Voss. Her vert utfordringar og potensiale med bruk av ulike verneområder teke opp, samt korleis ein gjennom å jobba i nettverk og organisasjonar, kan koma fram til endå betre løysingar for reiselivet og omgjevnadene.

Reiselivsforskar Thor Flogenfjeldt frå høgskulen på Lillehammer, og Ragnhild Silkoset, dr.oecon BI, vil delta som foredragshaldarar.



*Jolasnoen kom i år også.. Her er det to karar på toppen av Ondrahaugen.*

### Idémøte i Myrkdalen

Det var eit svært engasjerande møte som vart halde i Myrkdalen 8.desember.

Stig Frøysland har forfatta eit notat frå møtet som du finn på [www.vossfjellandsby.no](http://www.vossfjellandsby.no).

### Saker av interesse:

- Prosessen for alpinplan vert sett i gang innan kort tid dersom tilbodet vert akseptert.
- Grunneigarane vert oppmoda om å ta tak i prosessen om grunneigarsamarbeid og grunneigaravtalar for å halda oppe framdrifta i prosessen.

## Studietur for grunneigarar i Myrkdalen

Eit viktig fortrinn når det gjeld vidare utvikling i Myrkdalen er at det ikkje er gjort så mykje i Myrkdalen enno. Ein har, gjennom ein heilheitleg plan, store moglegheiter til å nytta erfaring frå andre stadar til å gjera ting mest mogleg korrekt for alle partar.

Turen gjekk fyrst til Hemsedal via Golsfjellet og til Hafjell

der ein overnatta i Hafjell Fjellandsby.

Totalt var det 21 deltakarar på turen og oppsummeringa var at ein lærte mykje om både korleis ein skal og ikkje skal gjera ting i Myrkdalen framover.

Styringsgruppa vil også nytta høvet til å ynskja god jol til alle i Myrkdalen!

